

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: kommunehuset, Aurland

Dato: 23.04.2018

Tidspunkt: 10:30 – 12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller på e-post
fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Olav Turvoll har meldt forfall til møtet. Marianne Bøthun er kalla inn som vara for Turvoll.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 10/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 12/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - lyspunkt i Nærøyfjorden		2018/1041
ST 13/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - tilrettelegging av inngangsparti ved gapahuken på Hovdungo		2014/730
ST 14/18	Nordheimsdalen naturreservat - avgrensa hogst i Brendali		2018/1244
ST 15/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - skilt om fartsgrensing i sjøen i Flåm		2018/1382

ST 10/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 11/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll



Arkivsaksnr: 2018/1041-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 04.04.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	12/18	23.04.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombord - lyspunkt i Nærøyfjorden

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknad om etablering av lyspunkt i Nærøyfjorden. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Grunngjevinga for avslaget er at tiltaket er i strid med verneføremålet.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Nærøyfjorden verdsarvpark om løyve til etablering og oppsett av lyspunkt – Nærøyfjorden, datert 12.03.2018

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008


Nærøyfjorden verdsarvpark planlegg eit forprosjekt med mål om å lyssette enkelte element/lokalisitetar i Nærøyfjorden. Det er eit samarbeidsprosjekt med parkpartnerane Flåm AS og The Fjords. Prosjektleiar er Per A. Svanes. Forprosjektet omfattar etablering og oppsett av 2 lyspunkt som skal stå klart til drift hausten/vinteren/våren 2018/2019 og avsluttast i 2020. Detaljplanlegging vil føregå frå våren og utover hausten i år.

Målet med prosjektet er (sitat frå søknad) «Gjøre Nærøyfjorden mer attraktiv vinterstid ved å lyssette og synliggjøre fra båt enkelte elementer og lokaliteter ved verdsarvfjordene på strekningen Flåm – Gudvangen». Ved å få eit nytt vintertilbod, håpar søker på auka besøk som vil styrke grunnlaget for heilårsturisme, og spreie turistane både i tid og rom. Dersom forprosjektet vert vellukka, er neste steg å få inntil 15 lyspunkt på strekninga Flåm – Gudvangen.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Lyspunkt som er planlagt utprøvt i forprosjektet er Sagelvi/Lægdafossen og bygningane på Holmo. Lyspunkt er valt ut i samråd med kapteinen på båten «Vision of the Fjords». Grunneigarane i dei valte områda har gjeve løyve til etablering av lyspunkt i forprosjektperioden.



Kart med avmerkt område for etablering av lyspunkt. Kopi frå søknad.

I søknaden er det ikkje lagt med skisse/teikning eller bilde som synleggjer omfang og drift av dei tekniske installasjonane. Det vert tatt avgjer om tekniske løysingar i forprosjektet. Det er opplyst at utstyr på land vil vera ledwasher 36x8 W IP 66 – 15, 25 eller 40 grader linse, DMX recorder tidskode, Kontakt box og SMS-Termostyret DOME. Alt utstyret skal monterast i ein kasse med herda frontglas. Kassa må vera tilkopla straum eller batteri/solcelle for drift. Alternativ lyssetting er lys og projektor på båten som vert aktivert via GPS-signal. Lysettingsperioden vil vera aktivert i perioden når båten passerer lyspunktene.

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombanen er definert i verneforskrifta § 2:
«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombanen er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap fra fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområdet, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Dette gjeld mellom anna «Oppføring av anlegg



og faste innretningar...» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). Etablering av lyspunkt er ikkje regulert i verneforskrifta som spesifisert dispensasjonsregel, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Nærøyfjorden er ein del av Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Verneføremålet er å ta vare på natur- og kulturlandskapet. I verneplanprosessen var ikkje lyssetting ei problemstilling som var diskutert, og det er ikkje reglar i verneforskrifta som omhandlar anlegg med lys eller opplysing av landskapet. Dispensasjonsregelen etter naturmangfaldlova § 48 er meint for uforutsette tilfelle eller forhold som ikkje var vurdert ved opprettning av verneområdet. Tiltaket må ikkje vera i strid med verneføremålet og vera til nemneverdig skade på verneverdiene. Begge vilkåra må vera oppfylt for at det kan gjevast løyve etter nml. § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Kunnskapen om området er henta frå arbeid med verneplanprosessen, forvalningsplan og gjennomførte registreringar i området. Lægdafossen er ein del av Sagelvi. Fossen har eit totalt fall på 575 meter, og stuper rett ut i fjorden i fleire fall. Det høgste faller på 125 meter er det øvste fallet. Kunnskapen om naturverdiene ved Sagelvi og Lægdafossen er kjent gjennom registreringar i samband med verneplanprosessen, og SNO sine registreringar. I 1983 vart det registrert rik edellauvskog på vestsida av Sagelvi i samband med naturtypekartlegging i Aurland kommune. Det vart ikkje gjennomført registreringar i felt av artsmangfaldet. Området ligg utilgjengeleg til, og er bortimot upåverka. Det er ved fleire høve observert havørn i området ved nedste del av Sagelvi, men det er ikkje registrert hekkande fuglar i dette området. Utover dette er det ikkje gjennomført registreringar av dyrelivet i dette området.

Holmo er stølsområde for gardane på Styvi. Det står tre bygningar der i dag og ein utedo. I tillegg er det murar etter fleire bygningar og ei gravrøys. Bygningane er registrert i SEFRAK-registeret. I samband med skjøtselsplan for Holmo-Styvi vart det gjennomført registreringar av vegetasjon. Det er ikkje registrert sårbare og trua naturtypar på Holmo. Det er ikkje gjennomført spesifikke registreringar av dyrelivet. Av sårbare artar er det registrert oter på Holmo (Naturbase 02.04.2018). Hjort nyttar området heile året. Hjorten tilpassar seg menneskeleg aktivitet, og lyssetting vil truleg ha liten negativ verknad på hjort.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som bra for å vurdera saka, men det er manglande opplysningar om dyrelivet. Det er gjennomført lite undersøkingar og forsking på korleis lyssetting påverkar dyrelivet. Lyssetting i den mørke årstida kan ha negativ verknad for nokon artar, blant anna ved at dei vert meir utsette for predasjon. Med lite kunnskap om dyrelivet i området, og effekt lys kan ha på dyrelivet, vurderer forvaltar kunnskapen som mangelfull for å gjera ei god vurdering av saka. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt vekt i denne saka.



Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga tiltaket vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Forvaltar vurderer det er for lite kunnskap om kva verknadane lyssetting kan ha på naturmiljøet til å gje ei god nok vurdering av saka. Lyssetting av landskapet i verneområde kan påverka landskapet sin karakter, og det vil kunne gje ei endra oppleving av landskapet i periodane når lyset vert slått på. I kulturlandskapet er det berre tradisjon for å bruka utelampe til opplysing av gardstun. Lyssetting av stølsmiljø og utelør vil bryte med det tradisjonelle kulturlandskapet.

Opplysing av landskapslement som fossar er nytta i fleire område som ikkje er verna, blant anna Låtefoss i Odda kommune og Langfoss ved Åkrafjorden. Lyssetting av fossar og landskap er såleis ikkje eit unikt produkt. Nærøyfjorden landskapsvernombord er del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Marknadsføringa av området som eit heilårsprodukt har gitt resultat, og det er ein aukande tilstrøyming av turistar som vil oppleva dette unike landskapet på vinteren. Sommaren 2015 vart det gjennomført ein spørjeundersøking blant besøkande i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (TØI-rapport 1585/2017). Resultat frå denne rapporten viser at natur- og landskapslement vert tillagt stor vekt i opplevinga av områda. For nokon besøkjande vil lyssetting av landskap kunne gje ei redusert oppleving av området. I arbeidet med besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjorden skal verneområdestyre setja opp mål for korleis området skal kunne opplevast, og kva type tilrettelegging som skal prioriterast i dei ulike delane av verneområde. Dette arbeidet er starta opp og skal vera sluttført innan 2020. Sjølv om det i denne saka er søkt om eit forprosjekt med berre to lypunkt, er målsettinga å få etablert inntil 15 lypunkt i området. Prosjektet vil difor kunne skapa presedens for etablering av lypunkt både i dette verneområdet og andre verneområde. Den samla belastninga på naturmiljøet av lypunkt vil kunne påverka landskapet sin eigenart. På denne bakgrunn vurderer forvaltar at det ikkje er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje løyve til tiltaket.

Nml. §§ 11 og 12 er ikkje vurdert i denne saka då det er innstilt på avslag på søknaden.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter nml. §§ 8-10 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket vil vera i strid med verneføremålet. Forvaltar innstiller på avslag på søknaden med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.



Arkivsaksnr: 2014/730-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 13.04.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/18	23.04.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombord - tilrettelegging av inngangsparti ved gapahuken på Hovdungo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til å legge steinheller framfor inngangen til gapahuken på Hovdungo. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48, og gjeld med følgjande vilkår:

- Det skal nyttast Stein frå området.
- Steinlegginga skal avgrensast til inngangspartiet framfor gapahuken.
- Steinane skal leggjast slik at dei fylgjer terrenget. Det skal ikkje vera ein steinlagd platting.
- Arbeidet skal sluttførast innan 01.09.2018.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til Nærøyfjorden verneområdestyre innan 01.10.2018.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Stig Arne Borlaug om løyve til å sette opp terrasse ved gapahuken på Hovdungo, og helikoptertransport til gapahuken, datert 02.04.2018

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Stig Arne Borlaug fekk løyve av Nærøyfjorden verneområdestyre til å sette opp gapahuk på Hovdungo, sak 12/14, 24.03.2014. I 2016 vart det gitt løyve til å sette opp utedo i nærleiken av gapahuken (sak 17/16, 07.06.2016). Borlaug søker no om å få sette opp terrasse framfor inngangspartiet til gapahuken på Hovdungo. Søknaden er grunngjeven med at området utanfor inngangen vert opptrakka og sølete. På våte dagar vert det mørkete, og det ser



Nærøyfjorden verneområdestyre

mindre innbydande ut. Det vert søkt om å få sette opp ein plattning av terrassebord for å få ein reinare og finare uteplass. Steinen fremst på kanten ynskjer dei å hogge av, slik at den ikkje kjem i konflikt med terrasseborda. Plattingen er tenkt å ha ei trekantform med 4,5 meter breidde bak, 2,5 meter brei i front, og 2,5 meter breidde ut frå veggen (sjå bilde under).



Gapahuken med inngangsparti. Foto frå søknad.



Gapahuk med innteikna terrasse. Foto frå søknad.

Det vert i tillegg søkt om 4 landingar med helikopter for å transportera materiale til terrassen.
Det vert søkt om å få transportert ved til gapahuken saman med materialtransporten.

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2:
«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Dette gjeld mellom anna *«Oppføring av anlegg og faste innretningar...»* jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). Bygging av terrasse framfor gapahuken er ikkje eit tiltak som kan vurderast etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til å sette opp gapahuken for å kunne nytta den som del av tilleggsnæring i landbruket, og i samband med turverksemd. Forvaltinga ynskjer og leggja til rette for bruk av verneområdet samtidig som me skal ta vare på verneverdiane. I 2016 gav verneområdestyret løyve til å bygge ein enkel utedo i nærleiken av gapahuken. For nye tiltak er det viktig å leggja vekt på trangen for inngrep opp mot verknaden på verneområdet. Kunnskapen om området er kjent gjennom verneprosessen, arbeidet med forvaltningsplan og vurderingar i samband med oppføring av gapahuken og utedoen.

Grunneigarane har god kunnskap om bruken av området, og er godt kjent med naturkvalitetane gjennom bruk av området både i nærings- og friluftssamanheng. Det er ikkje kjente førekommstar av trua artar eller naturtypar i området på Hovudungo (Naturbase 01.06.2016). Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som godt for å vurdera saka jf. nml. § 8. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje tillagt vekt då kunnskapen om området er vurdert som god. I forvaltningsplanen for Nærøyfjorden under kapittel om friluftsliv – *tiltak for tilrettelegging for friluftsliv*, står det at «*Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjerast for å unngå skadar som skuldast friluftslivet*». På denne bakgrunn vurderer forvaltar det kan vurderast dispensasjon med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Verneområdestyret gav løyve til bygging av gapahuken ovanfor Hovudungo med fylgjande grunngjeving; «*Dette tiltaket er særskilt i dette området ved at det er eit prosjekt som er med og styrkar satsinga til grenda Undredal på verdiskaping med utgangspunkt i tilpassa bruk av verneområdet. Med bakgrunn i felles satsing for verdiskaping i Undredal, vil ikkje dette tiltaket skapa presedens for liknande prosjekt i verneområdet. Tiltaket er vurdert som eit skånsamt inngrep, og det vil ikkje vera føra til stor belastning på naturmiljøet jf. § 10 i naturmangfaldlova. Kostnad med eventuelle miljøforringing skal berast av tiltakshavar jf. naturmangfaldlova § 11. Styret set vilkår om at tiltakshavar skal fjerna tiltaket dersom det fører til skade på verneverdiane. Styret ynskjer at dette området skal kunne takast meir i bruk, og meiner plasseringa ikkje fører til skade på naturmangfaldet jf. § 12 i naturmangfaldlova om vurdering av lokalisering. Tiltaket er vurdert til ikkje å føra til nemneverdig skade på verneverdiane, og ikkje i strid med verneformålet. Med denne bakgrunn er det gjeve løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.*

Målet med å bygge gapahuken var å skapa ein ny aktivitet som kunne gje auka næringsinntekter for verksemda i Undredal. Gapahuken er annonsera på nettsida Inatur, og interessa for å nytte gapahuken til overnatting har auka. Det er naturleg at bruk vil gje ein viss slitasje på terrenget, og det er trong for å gjera tiltak ved inngangspartiet. Ein terrasse slik den viser i søknaden, vil føra til eit nytt inngrep i tilknyting til gapahuken. Den vil vera godt synleg i landskapet, og påverka landskapet. Det er ikkje tradisjon for å bygge permanente gapahukar som overnatningsplassar, og heller ikkje terrassar i tilknyting til overnatningsplassane. Ein gapahuk skal vera eit enkelt tiltak utan store inngrep i landskapet, og den skal nyttast til enkel overnatting. Gapahuken var gjeve løyve til som eit unntak i særskilt høve. Bygging av terrasse vil kunne gje presedens for saker som omhandlar overnattingsstader. Fleire nye tiltak, sjølv om det er mindre tiltak, vil samla sett vera til skade på verneverdiane og vera ei belastning på naturverdiane jf. nml. § 10. For å førebygge slitasje på terrenget ved inngangspartiet, kan det leggjast steinar å trø på ved inngangen. I tillegg bør overnattingsgjestene få informasjon om at det er eit sårbart område der gjestene må unngå unødig slitasje på terrenget framfor gapahuken. Gapahuken er tilrettelagt for enkelt friluftsliv og stor grad av sporlaus ferdsel. Forvaltar meiner enkle tiltak for å hindre



auka slitasje ikkje vil vera i strid med verneverdiane, og det vil ikkje vera i strid med verneføremålet.

Forvaltar vurderer tiltak med utlegging av stein framfor inngangspartiet til å vera godt tilpassa miljøet og landskapet jf. nml § 12. Det vil truleg berre vera trong for nokre mindre steinar som kan finnast i nærområdet. Tiltaket vil difor ikkje vera avhengig av helikoptertransport, og vil vera eit godt miljømessig alternativ. Tiltaket vil lite truleg føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne ska.

Forvaltar har ikkje vurdert søknad om transport av ved, då denne transporten var planlagt saman med materialtransporten. Ein gapahuk er eit tiltak for enkel overnatting, og det er ikkje lagt opp til bruk av vedomn i gapahuken. For å vurdera ein søknad om transport av ved til gapahuken, må det difor sendast ein eigen søknad med grunngjeving av transportbehovet. Søknad om transport av ved til gapahuken må vurderast som ein dispensasjonssøknad etter naturmangfaldlova § 48.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til enkel tilrettelegging med stein framfor inngangspartiet til gapahuken med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt.



Arkivsaksnr: 2018/1244-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 16.04.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	14/18	23.04.2018

Nordheimsdalen naturreservat - avgrensa hogst i Brendali

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland fjellstyre løyve til å ta ut 6 til 10 tre til ved nær hytta i Brendali i Nordheimsdalen naturreservat. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nordheimsdalen naturreservat punkt VI nr. 7, og gjeld med følgjande vilkår:

- Trea som vert hogd skal vera i nærleiken av hytta. Det skal plukkast ut lauvskog, og mindre furutre.
- Uttaket skal avgrensast til det som er naudsynt for ved til hytta.
- Hogsten skal gjennomførast i 2018.
- Det skal sendast rapport frå hogsten til Nærøyfjorden verneområdestyre innan 31.01.2019. I rapporten skal det leggjast ved biletet av området før og etter hogst.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Aurland fjellstyre om løyve til å hogga ved til hytta i Brendeli, datert 03.04.2018

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nordheimsdalen naturreservat av 17.12.1999
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009

Aurland Fjellstyre søker om å få hogge ved til hytta dei disponerer i Brendeli. Vedlageret i hytta er tomt. Dei ynskjer å hogge 6 – 10 tre i framkant av hytta. Uttak av ved i dette området vil betre utsikten frå hytta.



Vedhogst i Brendeli. Utklypp frå Fylkesatlas.

Lovgrunnlaget

Verneformålet for Nordheimsdalen naturreservat er «å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan at området utgjer eit intakt nedbørsfelt med ein skoggradient frå fjøre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfold av ulike furuskogstypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkeste ein finn på Vestlandet» (verneforskrifta punkt III). «Vegetasjon, medrekna daude buska og tre, er freda mot skade og øydelegging» jf. punkt IV nr. 1. Forvaltningsstyre kan etter søknad gje løyve til «Avgrensa uttak av ved og anna trevyrke til bruk på stølar, hytter og kulturminne i naturreservatet....» jf. punkt VI nr. 7.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Nordheimsdalen er eit naturreservat, og har den strengaste verneforma. Verneføremålet er å ta vare på eit mangfold av furuskogstypar, og eit urskogprega område. Det er opna for at det kan gjevest løyve til hogst av ved til bruk på hytter i området. Vedhogst i Nordheimsdalen er ikkje omtalt særskilt i forvaltningsplanen. Det er nemnt at det i samband med evt. uttak av tømmer til demonstrasjonsføremål, bør lagast ein plan for sonering i reservatet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har tidlegare gjeve avgrensa løyve til hogst av ved til Almenningshytta. I dette løyvet er det vurdert at uttak av ved i tilknyting til bygningar ikkje vil vera i strid med verneføremålet. På denne bakgrunn vurderer forvaltar det er forvaltningspraksis med hogst av ved til Almenningshytta i området, og at tiltaket er i tråd med tiltak som kan vurderast med heimel i verneforskrifta for naturreservatet.



Nordheimsalen har høg verdi som eit heilskapleg barskogssystem. I tillegg har den kulturhistorisk verdi i form av særmerkte kulturminne knytt til historisk tømmerdrift. Almenningshytta ein del av denne historia. Hytta er godt ivaretake av Aurland Fjellstyre, og den er vert nytta av jegerar under jakta om hausten. For at hytta framleis skal nyttast og verta tatt vare på som eit kulturminne, er det naudsynt med ved i hytta. Det er god kunnskap om naturverdiane i området jf. nml. § 8. Det er ingen kjente trua og sårbare naturtypar eller artar i nærområdet til hytta i Brendeli (Naturbase 09.04.2018). Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt i denne saka.

Det har vore hogd ved nær hytta tidlegare, og det er vokse opp att ein del småtre etter denne hogsten. Hogst i dette området vil gje betre utsikt frå hytta, og vil gje eit avgrensa inngrep i det naturlege økosystemet i Nordheimsalen. Vedhogst bør avgrensast til nærområda til bygningar og kulturminne. Skogen i tilknyting til kulturminne har mindre urskogpreg enn andre deler av naturreservatet. Desse område kan forvaltast med tanke på å ta vare på kulturhistorien til området. Den samla belastninga på naturmiljøet av ein avgrensa hogst nær hytta er vurdert som liten jf. nml. § 10. I område utan bygningar og kulturminne bør det ikkje opnast opp for vedhogst, slik at desse område vert forvalta som naturlege økosystem med mest mogleg urørt preg.

Vedhogst nær hytta vil vera ein miljømessig god metode for å skaffe ved til hytta jf. nml. § 12, ved at det ikkje vil vera trong for motorisert transport. Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringing.

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at det kan gjevast løyve til vedhogst i Brendeli med heimel i verneforskrifta for Nordheimsalen naturreservat.



Arkivsaksnr: 2018/1382-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 16.04.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	15/18	23.04.2018

Nærøyfjorden landskapsvernombord - skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland Hamnevesen løyve til å sette opp skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Storleiken på skiltet skal vera inntil 1,5 meter høgde x 1,5 meter lengde, jf. forskrift om farvassskilt og navigasjonsinnretning.
- Skiltet skal plasserast nær punktet med kartkoordinatane N:6749720, Ø:398135 (WGS 84/UTM zone 32N), nordaust for Vetle Sandhaugen.
- Skiltet skal festast til 89 mm stålrojr som er bora ned i fjellet og festa med ekspansjonsboltar.
- Skiltet skal plasserast i terrenget slik at det stettar kravet om å vera synleg for sjøfarande, samtidig som det skal ha god tilpassing til natur og landskap. Dersom det er mogleg, skal skiltest plasserast inntil ein stor stein/fjellvegg for å vera mindre dominerande i landskapet.
- Aurland Hamnevesen er ansvarleg for vedlikehald av skiltet.
- Dersom skilt om fartsavgrensing ikkje lenger er aktuelt, skal Aurland Hamnevesen fjerne skiltet og stålroyra.

Dette løyvet gjeld berre tilhøvet etter verneforskrifta.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Aurland Hamnevesen om løyve til å sette opp skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm, datert 13.04.2018
- Godkjenning av forskrift om fartsavgrensing i sjøen i Flåm, Aurland kommune, Sogn og Fjordane fylke, sjøkart nr. 124. Kystverket 22.03.2018

Søknaden vert vurdert etter:



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Aurland Hamnevesen søker om å få sette opp skilt om fartsavgrensing i sjøen i Flåm. Aurland kommune og Kystverket har godkjente forskrifter om fartsavgrensing i sjøen i Flåm. Fartsavgrensinga er 5 knop fart i indre del av Aurlandsfjorden, sørleg del av linje sett mellom punkt: N: 6749729 Ø:398135 og N:6749803 Ø:399094 (WGS 84/UTM zone 32N). Aurland Hamnevesen hadde fylgjande grunngjeving for innføring av fartsforskrifta; «*Grunna stor auke i trafikken i hamneområdet må ein sjå på tiltak for å auka sikkerheten i hamneområdet. Auka trafikk gjer og at det blir større slitasje på strandsona og hamneanlegg. Ei fartsforskrift vil vera eit tiltak som aukar sikkerheten og som reduserer slitasje.*».

Forskrift om fartsavgrensing skal vera merkt med skilt i aktuelle farvatn før forskrifter vert kunngjort i Norsk Lovtidend. Storleiken på skilta og plassering skal fylgja forskrift om farvasskilt og navigasjonsinnretning, og godkjennast av Kystverket. Skiltstorleiken vert avgjort ut frå leseavstanden for sjøfarande. På bakgrunn av avstand må skilta i Flåm ha ein storlek på 1,5 meter x 1,5 meter.

På vestsida av fjorden startar fartsavgrensingssona rett innanfor grensa til Nærøyfjorden landskapsvernområde. Verneområdestyret må behandle søknad om oppsetting av skilt i verneområdet før Aurland Hamnevesen kan senda søknaden vidare til Kystverket.




Foto og kart som viser plasseringspunkt for skilt om fartsavgrensing.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområdet, stølsområdet, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Det er ikkje reglar i forskriftena som omhandlar oppsett av fartsskilt. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 første ledd; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Eit skilt i strandsona i landskapsvernombordet vil vera eit synleg inngrep i landskapet. Aurland hamnevesen har innført fartsavgrensing i indre del av Aurlandsfjorden av omsyn til tryggleiken i hamneområdet, og for å redusera slitasje på strandsona av auka båttrafikk. Lovverket set krav om fartsskilt i aktuelle farvatn for at forskriftena om fartsavgrensing skal verta gjeldande. Det er eit generelt prinsipp i forvaltninga av verneområdet, at alle inngrep og tiltak som kan plasserast utanfor verneområdet skal plasserast på utsida. Fartsavgrensinga startar innanfor verneområdet, og skiltet kan difor ikkje plasserast utanfor verneområdet. Forvaltar vurderer fartsavgrensinga og skiltinga som eit naudsynt tryggleikstiltak, og meiner vilkåra for å vurdera saka med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ er oppfylt.

Kunnskapen om området er henta frå forvalningsplan og erfaring med ferdsel på fjorden. Så langt me kjenner til er det ingen kjente trua artar eller naturtypar (Naturbase 16.04.2018) i området der skiltet er planlagt sett opp. Det er registrert sørvestt Berg og rasmarkar med artsrik vegetasjon punktvis i dette og andre områder sørover mot Brekke.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt. Ut frå kunnskapen me har om området, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil gje nemneverdig skade på verneverdiene.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Informasjonsskilt i verneområdet kan vera ei visuell ureining av området, og bør avgrensast til det som er naudsynt. I forskriften om fartsbegrensingar i sjø, elv og innsjø § 2 er fartøy pålagt å ta omsyn: «*Fartøyen skal utvise forsiktighet og avpasse farten etter fartøyets størrelse, konstruksjon, manøvreringsevne og farvannsforhold, slik at det ikkje ved bølgeslag eller på annen måte oppstår skade eller fare for skade på personar, herunder badende, andre fartøy, farvannets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgivelsene forøvrig.*» For at forskriften om fartsavgrensing skal verta gjeldande, må det setjast opp skilt i grensa for fartsavgrensinga. Pr. i dag er det berre i Nærøyfjorden mellom Bleiklindi og Skalmenes det er



fartsregulering utanom indre deler av Aurlandsfjorden. Det vil vera lite aktuelt med fartskilt utanom desse områda. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn belastninga på naturmiljøet som akseptabel.

Skilta må plasserast slik at dei er synlege for båtførarane når dei er på veg inn og ut av fartsreguleringssona. Storleiken på skilta er fastsett i forskrift på bakgrunn av leseavstand for sjøfarande. Plassering skal tilpassast terrenget for å gjera minst mogleg inngrep, og i minst mogleg grad påverka det visuelle inntrykket av landskapet jf. nml. § 12. Dersom det er mogleg å sette skiltet inntil ein stor stein eller fjellvegg, vil det gjera skiltet mindre dominerande i landskapet. Skilta må likevel vera godt synleg for dei sjøfarande. Med god tilpassing av skiltet i terrenget, vurderer forvaltar at tiltak ikkje vil vera i strid med verneføremålet.

Nml. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar skilt om fartsavgrensing kan settast opp med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.